



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Trondheim, 17.04.2018

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/3181

Sakshandsamar:
Heidi Grete Betten

Svar på førespurnad om samtykke til varig omdisponering av del av Fisketangen statleg sikra friluftslivsområde gnr 172 bnr 96 i Lindås kommune til privat naustformål

Vi viser til dykkar brev av 22.02.2018 med førespurnad om samtykke til varig omdisponering av ein del av Fisketangen statleg sikra friluftslivsområde. Vi viser og til uttale av 06.03.2018 frå fylkesmannen til førespurnaden dykkar, samt til tidlegare uttale av 18.11.2016 frå Bergen og omland friluftsråd til Lindås kommune til forslag til omdisponering.

Bakgrunn

Staten medverka i 1973 til kommunalt kjøp av eigedomen Fisketangen, som er om lag 51 daa. Fisketangen er dermed eit statleg sikra friluftslivsområde der det heftar ei tinglyst fråsegn frå Lindås kommune om at eigedomen ikkje kan omdisponerast utan samtykke frå staten ved Miljødirektoratet, som slik er rettshavar. Fisketangen er per i dag eit mykje bruka friluftslivsområde som er tilrettelagt og drifta av Bergen og omland friluftsråd for kommunen.

Bakgrunnen for førespurnaden om omdisponering er eit privat initiativ til kommunen frå eit felleseige som ynskjer å overta ein mindre strandsoneparsell nordaust på Fisketangen med sikte på å få regulert det til naustbygging. Felleseiget tilbyr Storskjeret, som ligg inntil Fisketangen i nordvest, som makebytteareal. Ein liknande førespurnad vart fremma i 1992, då med utgangspunkt i ynskje frå felleseiget om noko meir omfattande omdisponering til privat naustformål. Det vart i svarbrev av 19.02.1992 frå Direktoratet for naturforvaltning ikkje gjeve samtykke til slik omdisponering.

Miljødirektoratet si vurdering som rettshavar

Utgangspunktet er at all forvaltning av sikra friluftslivsområde skal vurderast i lys av at områda er sikra for ålmenta. Dette er i seg sjølv god nok grunn til ikkje å akseptera annan bruk av områda, og omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde skal i prinsippet ikkje skje. Miljødirektoratet kan likevel gje samtykke til omdisponering dersom det blir lagt fram særskilte forhold som til dømes tungtvegande samfunnstenlege omsyn eller dersom ei omdisponering betrar tilhøva for utøving av friluftsliv i områda. Krav om framlagt dokumentasjon og grunngjeving for omdisponeringa blir stilt til den som søker ein annan arealbruk enn det områda er sikra for.

Miljødirektoratet støttar i denne saka dei merknadene som er kome både frå Bergen og omland friluftsråd og frå fylkesmannen som har gjeve oss sin uttale. Det ligg ikkje sterke samfunnstenlege omsyn til grunn for forslaget, og slik vi vurderer det ville ikkje gjennomføring av omdisponering og tiltaket betra tilhøva for utøving av friluftsliv her. Det er heller ikkje noko som tilseier at makebytte med og sikring av Storskjeret, som frå før kan nyttast i medhald av friluftslova, veg opp for ev. bygging og privatisering i strandsona på gnr 172 bnr 96. Det beste for friluftslivsinteressene, som ligg til grunn for at denne eigedomen er statleg sikra, er at heile Fisketangen held fram med å vere offentleg ivareteke med ålment tilgjengeleg strandsona og forvalta som det vidare. Er det behov for sikring av Storskjeret kan det fremjast som ei eiga sak.

Som rettshavar på Fisketangen statleg sikra friluftslivsområde gnr 172 bnr 96 i Lindås kommune gjev Miljødirektoratet ikkje samtykke til omdisponering for gjennomføring av privat naustbygging som omsøkt.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam
seksjonsleiar

Heidi Grete Betten
seniorrådgjevar

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Bergen og omland friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Boks 7900	5020	Bergen